

RADØY KOMMUNE

Sakspapir – Del. vedtak

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Delegert frå plan, landbruk og teknisk	09.01.2008	007/08	RTO

Sakshandsamar: Tore Rikstad	Arkiv: GBNR-21/4 Objekt:	Arkivsaknr 07/781
------------------------------------	---	-----------------------------

GNR 21/4 - KJENESET - OPPARBEIDING AV VEG, VATN OG AVLAUP - GODKJENNING

Saksdokument:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	28.10.2007	Knut W.Jacobsen	Gnr 21/4 - Gjenpart av nabovarsel
2	I	08.11.2007	Terje B. Rye	Gnr 21/4 - vedk nabovarsel
3	I	25.11.2007	Arkitekt Knut Willie Jacobsen AS; Harald Henne	Kjeneset - Søknad om løyve - tilrettelegging av vass- og kloakkleidningar

Saksutgreiing:

Søknad om framføring og tilrettelegging av vass-og kloakkleidningar samt opparbeiding av veg nr.2 i bustadområdet i Kjeneset. Innafor planen inngår også krav om opparbeiding / utbetring av avkøyrsløp til FV 409 – jf. brev frå Statens vegvesen datert 11.01.05. Kommunen kan ikkje sjå at dette inngår i det som no er omsøkt. Kommunen vil difor presisere at det ikkje vert gitt ferdigattest / mellombels bruksløyve for det omsøkte tiltaket før avkøyrsla til FV 409 er ferdig opparbeidd og godkjent av Statens vegvesen.

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Kjeneset er definert som bustadområde. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med planen.

Det er i tidlegare sak av 09.05.07 gitt løyve (rammeløyve på vilkår) til kloakkutslepp samt til legging av vass - og kloakkleidning i sjøen for tiltaket.

Det er i samband med nabovarslinga komen merknader til tiltaket frå eigar av gnr. 21/35, Terje Rye. Han ville ha meir informasjon om retning for boreholet der sjøleidningane kjem i land. Det er opplyst at tiltakshavar, Harald Henne, har vore i kontakt med eigaren og opplyst at boreholet blir lagt slik at den ikkje skal koma under hans eigedom.

Det er arkitekt Knut Willie Jacobsen som står som ansvarleg søker for tiltaket og som også har søkt om ansvarsrett og lokal godkjenning for m.a. prosjektering av VA-anlegga utan at det ligg føre dokumentasjon på kvalifikasjonar på dette, men han har opplyst at han har fått godkjenning på tilsvarande arbeid i Lindås kommune.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune, og gebyrregulativ vedtatt i kommunestyret den 01.12.2005, vert det godkjent framføring og tilrettelegging av vass- og kloakkleidningar samt opparbeiding av veg 2 i samsvar med søknaden i medhald av plan- og bygningslova §§ 66, 70, 74, 93 b, 95 a og 98 på følgjande vilkår:

1. Det vert vist til reglane for tilknytning til kommunalt leidningsnett med avgifter. Blankett for søknad om tilknytning er lagt ved.
2. Tiltaket kan plasserast slik som vist i søknaden.
3. Det vert å betale følgjande gebyr for handsaminga av Dykkar søknad:

Plan og forvaltning:

C.3.3.2. Søknadspliktig tiltak, anlegg: Kr. 3500,-
Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

4. Radøy kommune gjev **Arkitekt Knut Willie Jacobsen AS** ansvarsrett (sentralt godkjent føretak) i godkjenningssområda **SØK-søkarfunksjon for tiltaket.**

Radøy kommune gjev **Arkitekt Knut Willie Jacobsen AS** ansvarsrett og lokal godkjenning i godkjenningssområda **PRO/KPR for tiltaket.**

Radøy kommune gjev **Kvalheim VVS AS** ansvarsrett og lokal godkjenning (tidlegare lokalt godkjent føretak) i godkjenningssområda **UTF/KUT røyrleggararbeida for tiltaket.**

Radøy kommune gjev **Entreprenør Bjørn Dale** ansvarsrett og lokal godkjenning i godkjenningssområda **UTF/KUT – grunn-og terrengarbeida for tiltaket.**

Radøy kommune gjev **Lierock Maskin AS** ansvarsrett (sentralt godkjent føretak) i godkjenningssområda UTF / KUT for arbeida med borehol for vass-og kloakkleidningane.


Det vert forutsett at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av forskrift om føretak for ansvarsrett (GOF).

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang eller igangsetjingsløyve for alle arbeida ikkje er gjeve innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller arbeida vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 96.

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Sjå vedlagde orientering om klagerett.



Tore Rikstad
Senioringeniør

Kopi til:

Arkitekt Knut Willie Jacobsen		5912	SEIM
AS			
Bjørn Dale		5936	MANGER
Harald Henne	Sylta	5937	BØVÅGEN
Kvalheim VVS AS		5936	MANGER
Lierock Maskin AS	Liaskjæret	5353	STRAUME
Terje Rye	Dådyrvegen 5d	5238	RÅDAL

RADØY KOMMUNE

Sakspapir – Del. vedtak

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Delegert frå plan, landbruk og teknisk	05.12.07	230/07	ÅMS
Sakshandsamar: Aase M. Skrede	Arkiv: GBNR-21/4	Arkivsaknr	07/618
	Objekt:		

GNR 21/4 - KJENESET - TOMT 4 - OPPFØRING AV BUSTAD - RAMMELØYVE

Saksdokument:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	06.09.07	Arkitektcompagniet AS	Gnr 21/4 - nabovarsel fritidsbustad Kjenese
2	I	13.09.07	Rolf Sylta; Roy-Arve Valdersnes	Gnr 21/4 - merknad til nabovarsel
3	I	20.09.07	Arkitektcompagniet AS	Gnr 21/4 - søknad om løyve - Kjenese
4	U	08.11.07	Arkitektcompagniet AS	Gnr 21/4 - Kjenese - Tomt 4 - Søknad om rammeløyve - Mellombels svar
5	I	20.11.07	Arkitektcompagniet AS	Kommentarar til søknad om løyve til tiltak - klargjering

Saksutgreiing:

Gjeld oppføring av bustad med bruksareal (NS 3940) opplyst til å vere på ca. 149 m² og bebygd areal på ca. 130 m².

Tiltaket vart nabovarsla som hytte og det kom inn 2 merknader i samband med dette. Søkjar har i brev av 20.11.07 stadfesta at tiltaket gjeld bustad og såleis er i tråd med gjeldande reguleringsplan.

Plassering av bustaden vert godkjent som vist på situasjonsplan og terrengprofil.

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Kjenese er definert som bustadområde. Det er opplyst at bustaden skal knytast til offentleg vassverk og privat avlaupsanlegg.

Med utgangspunkt i hovudutval for plan, landbruk og teknisk si tolking av kommuneplanen sine føresegner og retningsliner vedr. utforming av bygningar m.m. som vert oppført, vurderer kommunen tiltaket til å vere i tråd med kommuneplanen sine føresegner.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune, og gebyrregulativ vedtatt i kommunestyret den 01.12.2005, vert det gjeve RAMMELØYVE for oppføring av bustad i medhald av plan- og bygningslova §§ 66, 70, 74, 93 b, 95 a og 98 på følgjande vilkår:

1. Det vert vist til reglane for tilknytning til kommunalt leidningsnett med avgifter. Blankett for søknad om tilknytning er lagt ved.
2. Bygningen kan plasserast slik som vist i søknaden, men bygningen sitt bebygde areal skal plasserast minimum 4 meter frå nabogrensene.
3. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.
4. Det vert ikkje gjeve igangsetjingsløyve for tiltaket for vegkrysset mot FV 409 er utbetra.
5. Det vert ikkje gjeve mellombels bruksløyve/ferdigattest for bustaden før dei kommunaltekniske anlegga er ferdig opparbeidd og godkjent.
6. Det vert å betale følgjande gebyr for handsaminga av Dykkar søknad:

Plan og forvaltning: Til konto: 16220 4000 3020:

C.3.3.1 Oppføring av bygning, rammeløyve, tiltaksklasse 1: Kr. 4550,-.
Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

7. Avkjøringa vert godkjent plassert som vist på situasjonskart motteke den 21.09.07, og skal arbeidast opp slik at den etter dagens vegnormalar vert mest mogleg trafikksikker.
8. Radøy kommune gjev **Arkitektcompagniet AS** ansvarsrett og lokal godkjenning i godkjenningssområda **SØK-søkjarfunksjon og PRO/KPR-prosjektering/kontroll av prosjektering.**

Det vert forutsett at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av forskrift om føretak for ansvarsrett (GOF).

Når gebyr er betalt og kvittering for betalt gebyr er motteke av kommunen, kan det saman med tilleggsdokumentasjonen sendast inn søknad om igangsetjingsløyve for tiltaket.

Det vert gjort merksam på at arbeida ikkje kan setjast i gang før igangsetjingsløyve er gjeve.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang eller igangsetjingsløyve for alle arbeida ikkje er gjeve innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller arbeida vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 96.

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Sjå vedlagde orientering om klagerett.

Aase M. Skrede
byggesakshandsamar

Kopi til:

Arkitektcompagniet AS
Bolig og Eiendom AS
Rolf Sylta
Roy-Arve Valdersnes

v/ Sigmund Thorsen
Lille Breivik

5871	BERGEN
5307	ASK
5937	BØVÅGEN
5937	BØVÅGEN

RADØY KOMMUNE

Sakspapir – Del. vedtak

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Delegert frå plan, landbruk og teknisk	09.05.2007	057/07	RTO

Sakshandsamar: Tore Rikstad	Arkiv: K2-L12, GBNR-21/4 Objekt:	Arkivsaknr 07/89
-----------------------------	--	---------------------

GNR 21/4-REGULERINGSPLAN KJENESET-SØKNAD OM KLOAKKUTSLEPP-GODKJENNING

Saksdokument:

Nr	T	Dok.	Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I		12.02.2007	Harald Henne	Gnr 21/4 - Søknad om utsleppsløyve
2	U		26.03.2007	Bergen og Omland Havnevesen	Gnr 21/4-Sylta Indre-Regulert bustadområde-framføring av vassleidning og utlegging av avløpsleidning i sjø
3	I		12.04.2007	Bergen og Omland Havnevesen	Høyring - gnr 21/4 - indre Sylta vann og avløpsleidning

Saksutgreiing:

Gjeld søknad om kloakkutslepp og utlegging av kloakk- og vassleidningar i sjøen.

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Kjeneset er definert som bustadområde. Det skal førast fram kommunalt vatn frå Rikstad via sjøleidning og det skal førast ut kloakk i felles kloakkleidning til djup sjø i Rikstadvågen via slamavskillar. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med planen.

Søknaden om utlegging av sjøleidningane er sendt Bergen og omland havnevesen og Fiskeridirektoratet. Høyringsfristen er ikkje ute. Kommunen kan i denne handsaminga kun vurdere eit rammeløyve både med bakgrunn i at høyringsfristen ikkje er ute og at ansvarsrettar for prosjektering og utføring manglar.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune, og gebyrregulativ vedtatt i kommunestyret den 01.12.2005, vert det godkjent utsleppsløyve via slamavskillar med tett leidning til minimum 15 m djup sjø i medhald av forureiningslova §§ 11 og 16 og forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg på følgjande vilkår:

1. Det vert vist til reglane for tilknytning til kommunalt vatn med avgifter. Blankett for søknad om tilknytning er lagt ved.
2. Eventuelle vilkår sett av Bergen og omland havnevesen og Fiskeridirektoratet skal etterkomast.
3. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent slamavskillar. Restutsleppet skal først til ein heilårsresipient i tett leidning. Avløpsanlegget skal elles utførast i samsvar med forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg.
4. Avstand til plass med moglegheit for parkering av septikbil skal vere maks. 100 meter. Løftehøgda til septikbil frå botnen av slamavskillaren må da ikkje overstige 8 meter.
5. Dersom utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsmyndigheita oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om nødvendig kalle tilbake løyvet i samsvar med § 18 i forureiningslova.
6. Det vert å betale følgjande gebyr for handsaminga av Dykkar søknad:

Plan og forvaltning:

G.2.1.B Avløpsanlegg

Kr. 4600,-.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

Når høringsfrist er ute, gebyr er betalt og kvittering for betalt gebyr er motteke av kommunen, kan det saman med tilleggsdokumentasjon og utbyggingsplan for veg vatn og kloakk sendast inn søknad om igangsetjingsløyve.

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Sjå vedlagde orientering om klagerett.

Tore Rikstad
Senioringeniør

Kopi til:
Harald Henne

5937 BØVÅGEN